

VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAMDato: 13.06.2017  
Vår ref.: 2014/673-347  
Saksbehandlar: eliwarr  
Dykkar ref.:

## Kulturminneplanarbeid i Hordaland 2017 - Underretting om tildeling til Vaksdal kommune

Det vert vist til dykkar søknad dagsett 17.02.2017 om tilskot til kulturminneplanarbeid i 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 16.05.2017, sak 75/2017.

Utvalet vedtok å tildele dykk **kr 100 000,-** til oppfølging av tiltak i handlingsplanen til kommunen sin kulturminneplan.

### Grunngjeving

For 2017 var det 22 søknader og kr 1.400.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 1.500.000,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Det var naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa vart gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar søknad om tiltak i tråd med handlingsplan i kulturminneplan. Vaksdal har jobba godt og målbevist med kulturminneplanen og med oppfølging av tiltak i handlingsplan. Innlegging i Askeladden er prioritert. Samarbeidsprosjekt med skuleelev og frivillig til å lage kulturminnesti og skilte kulturminne er i tråd med handlingsplan.

Det vert tilrådd at kommunen bruker Hordaland fylkeskommune sin felles skiltmal for kulturminne. Ta gjerne kontakt med Elizabeth Warren, [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no), tlf. 55239198 for meir informasjon om dette.

### Vikår for tilskotet

Det vert stilt krav om:

- Førebelsrapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2017
- Deltaking på fylkeskommune sitt Askeladden kurs hausten 2017
- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabase
- Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Tilskotsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.
- Fylkeskommunen tek atterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Ressursnr: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking: **saksnummer 2014/673 og ressursnummer 10608**. Dette må skje seinast 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Rapportering og kontroll

Rapporten skal sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og merkast med **saksnummer 2014/673**.

Endelig rapport og rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av prosjektet som inkludere:

- Kven, kva, kor, når og korleis arbeidet vart gjennomført.
- Det skal gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar på skilt og arrangement. Dokumentasjon av dette skal leggest ved rapport.
- Tal nye kulturminne/kulturmiljø som kommunen har registrert i Askeladden
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Eventuelle avvik frå vilkåra eller søknadsgrunnlag med nærare grunngjeving

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*